

- Eg kunne ikkje ha fått betre bursdagsgåve!

26.08.2017



Rainer og Monika nytt ferielivet på Dønhaug. Her saman med dottera og svigersonen.

**- Det er ikkje mogeleg å få ei betre bursdagsgåve enn dette, sa 70-åringen Rainer frå Oldenburg i Tyskland i den vakre haustsola då eg møtte han og familien på Dønhaug Gjestegard. Eit stort smil breidde seg over det blide ansiktet då han snakka om gåva som han hadde fått av dei tre borna sine og familiene deira. Gåva har også ei spesiell historie.**



Klar for den daglege fisketuren.

- Tenk å få vera på denne nydelege plassen saman med heile storfamilien sin ei heil veke og på toppen av alt få oppleva det i dette fantastiske haustveret, fulgte den pensjonerte læraren opp.

På Dønhaug er han saman med kona Monika og dei tre barna deira med familie. Det er ei dotter og to søner med svigerbarn og barnebarn. Til saman tel storfamilien 13 personar i tre generasjonar. Medan Rainer og Monika bur i Oldenburg nær Nordsjøen mellom Bremen og Nederland, er borna deira no spreidd over heile Tyskland frå nord til sør.

Den spesielle bursdagsgåva har si historie. Alt i 1968 var Rainer i Norge for første gong. Då tok ungguten tog til Ustaoset, og gjekk turar i fjellet rundt Hardangerjøkulen. Dette hadde tydelegvis sett sine gode spor, for etter at han hadde gifta seg med Monika i 1975, ville han gjenoppleva dette, og han tok med seg Monika på toget til Ustaoset for å feira kveitebrødsdagane i vakker norsk natur på Hardangervidda. Etter ei veke i regn og vind, tok dei toget tilbake til Oslo og reiste heim til Tyskland. Men dei gav ikkje opp denne opplevinga!

- To år seinare var vi tilbake, og vi hadde 4 fantastiske veker med turar på Hardangervidda. Veret var strålande, berre ein dag med litt regn, fortel Rainer med det karakteristiske breie smilet i det blide ansiktet, medan Monika nikkar samtykkjande til og er like blid. Heime i Oldenburg bur dei 5,5 meter over havet, og høgaste fjellet er 23 meter.

Det er tydeleg at desse opplevingane har gjort inntrykk på neste generasjon når dei har blitt fortalt vidare. Derfor bestemte dei tre barna seg for å gje Vestlandsferie i bursdagsgåve. At dei hamna akkurat på Dønhaug, var nok litt tilfeldig. Det var dottera som fann Dønhaug Gjestegard på nettet då ho leita etter eit hus i vakre naturomgjevnader som var stort nok til dei 13 personane. Det valget har dei ikkje angra på!!

Sist søndag kom dei 13 til Dønhaug frå fire ulike retningar og med fire ulike reiseruter. Rainer og Monika hadde brukt lengst tid på turen. Dei parkerte bilen i Kiel for 6 veker sidan, og etter det har sykkel vore hovudframkomstmiddalet for det spreke paret. Vanlegvis har dei stoppa ein dag kvar plass, men det har også hendt at dei har blitt verande ein plass i tre dagar.

- Det var litt mykje regn og vind på vestkysten av Danmark, forklarer Rainer. Resten av familien har reist i kvar sine bilar, og dei har brukt ulik tid og forskjellige reiseruter.

- Etter at vi kom her til Uskedalen, har vi berre hatt flott ver. Vi er ute heile dagane, sier Monika og Rainer som legg til at dei har det så godt på Dønhaug at dei held seg stort sett der og i nærmiljøet. 'No rain, no fish, blue sky and sunshine, very expensive beer and kind and lovely people', er ein frase Rainer smilande kjem med når han skal beskriva opphaldet. Til det siste kan dei ikkje få fullrost vertskapet og Magne nok. I tillegg til at han er ein fantastisk vert poengterer dei at han er så flink å leike med barna. Det fekk eg eit bevis på då eg svinga inn på tunet. Då var Magne i full leik med 2 år gamle Mieke i sandkassen.



Barna har mykje kjekt å gjera på Dønhaug, og Magne Huglen er ofte med i leiken.

Dagane tilbringar dei stort sett på Dønhaug og i Uskedalen. Ein av familiene hadde vore ein tur til Stord, og Monika og dottera hadde hatt seg ein Husnes-tur. Elles hadde dei halde seg i Uskedalen. Dei hadde vore på nydeleg tur til Mannsvatnet, men utan å få fisk. Dagleg hadde nokre av dei fisketur til sjøen. Ein flott båttur forbi skorpetrollet og rundt Skorpo hadde hatt med Magne. Då hadde dei vore i land på Gullholmen, og det var beint rørande å høyra når dei skildra den vakre holmen vår. Like før eg kom hadde dei vore ein tur til Fjellandsbøvatnet og lete seg imponera av dei vakre omgjevnadene der. Elles var det tydeleg at dette var ein aktiv familie som fann stor glede i natur og friluftsliv. Dei hadde med seg mountain-bikes og slike brett som ein står og padlar på.

Medan eg sat og preika med familien rådde det ein roleg og avslappende atmosfære. Barna aktiviserte seg stort sett sjølv. Nokre tok gjerne ein sykkeltur. Eit par tok med seg fiskestonga i håp om at dei endeleg skulle få napp. Ei svigerdotter hengde klesvask til tørk medan vesle Mieke tok ein tur med pappa for å sjå om dei gamle sauene til vertskapet ville ha litt eple.

Ved måltida var alle samla, og dei kunne fortelja at dei hadde ete alle måltida ute med den vidunderlege utsikten mot Storsund. Ein kveld hadde dei hatt ein stor grillkveld, og då hadde dei smaka på både Mykle og anna lokalprodusert øl. Det fekk god karakter av gjestene.

Det var godt og avslappa å vera på Dønhaug så denne bladfyken vart noko lenger enn planlagt. Magne var alltid i nærleiken og kom bortom å slo av ein prat. Det er ikkje tvil om at gjestene har hatt ei veke i toppklasse, men eg trur verten også har kosa seg like mykje. Han var i strålende humør! Ekstra godt likar han seg når det er fleire generasjonar og barn med i turistfølgja som kjem.

Mandag reiser Monika og Rainer heimover att. Då er resten følgjet alt på veg. På heimvegen tar sei syklane med på bussen til Oslo før dei tar Color Line til Kiel. Der har bilen stått og venta på dei i 6 veker. Før det er det viktige ting som skal skje på Dønhaug. Laurdag er vesle Mieke 2 år. Det vert nok feira med stor famileburstdag! Gratulerer med dagen, Mieke!



Mieke og faren er med eple til sauene på garden.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland